



Møtereferat

Dato: 17.09.2021	Type møte: Rettleiingsmøte
Tid og stad: 13.00 – Microsoft Teams	Møteleiar: Ole Martin Bolset
Bakgrunn: Via mail til planforvaltning vart det stilt spørsmål angående mogleg utvikling i Oterdalen. Det vart spurt om å ha eit rettleiingsmøte.	Til stades: Ole Martin Bolset v/Alver kommune Christian Frønsdal v/Multiconsult Trond Lomsøy v/Alver Tomteselskap

Saksnummer/sak: 21/7897

- Mål: Rettleiing for mogleg utvikling i Oterdalen.
- Konklusjon/ny aksjon: Trengst eit planinitiativ med gode begrunningar og vurderingar for å kunne konkludere for ulike problemstillingar.
- Frist: Ønskjeleg å få oversendt planinitiativ i løpet av 2021.

Introduksjon av Oterdalen:

Ønsker førstegangskjøps-leilegheter. Fokusgruppe 18-35 år.

Ser på muligheten til å oppgradere ballplass/leikeområde. Som vil bidra til oppgradering til nærområdet.

Diskusjon på tilkomst:

Det vart diskutert eventuelle tilkomstvegar for gbnr. 188/628 og 188/630. Tilkomst frå nord er ein smal bilveg. Tilkomst frå vest er eventuelt via Røsvika eller GS-veg. Administrasjonen la vekt på at å omgjere eit separat tilbod for mjuke trafikantar til ein tilkomstveg som kan nyttast av køyretøy vil mest sannsynleg vere eit negativt grep. Konsulent skal gjere ei vurdering på kva løysingar som kan vere aktuelle å gå vidare med, og beskrive dette i eit planinitiativ.

Diskusjon på avgrensning:

Ei eventuell avgrensning av planområdet er for tidleg å konkludere. Ved eit planinitiativ vil konsulent komme med eit forslag til planavgrensning, som vil vere eit godt grunnlag for vidare diskusjon og til slutt ein konklusjon.

Diskusjon på leikeplass:

Føresegn 2.2.2 i kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen 2019-2031 (KDP-KAA): «Alle delområda for B8 skal inngå i reguleringsendring av planen Felt E Såta, med planID 1263-19831605. Felles leikeplass for alle bustadene som ligg innanfor denne reguleringsplanen skal dekkast innanfor eit av delområda for B8.» Det er eit klårt krav i KDP-KAA at eit av felta i B8 skal kunne dekke ein felles leikeplass for alle bustadane som ligg i reguleringsplanen Felt E Såta.



Tiltakshavar og konsulent ser utfordringar med å få dette til å vere eit lønsamt prosjekt om eit av desse område må settast av til leikeplass.

Administrasjonen la fram at dette er eit klart krav i KDP-KAA, og at eventuelle avvik må begrunnast og vurderast godt. Ei begrunning og vurdering må vere del av planinitiativet for å kunne ta ein endeleg konklusjon so tidleg som mogleg i planprosessen.

Kort gjennomgang av ROS-analyse og konsekvensutgreiing for KDP-KAA. Desse vert oversendt som vedlegg til dette møterefateratet.